

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Svein Helge Hofslundsengen	FE - 223	15/215

Saknr	Utval	Type	Dato
007/2015	Kraftfondsstyret	PS	02.09.2015

Einakavane - søknad om støtte gjennom kraftfondet

Vedlegg:

Kraftfondet - søknad om tilskot
resultset_3509_5_vedlegg1.docx

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram utan framlegg til vedtak

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Einakavane søker om kr. 90.000 i tilskot frå kraftfondet til utviding av vaskeriet

Vurdering

Det er budsjettert med kr. 420.000 i samband med utviding av vaskeriet, og av dette vert det søkt om tilskot gjennom kraftfondet med kr. 90.000 som utgjer litt over 21% i støtte av forventa investering. Søknaden er innafor føremål og beløpsgrenser for retningslinene og vedtektene for kraftfondet, men ein kan stille spørsmål ved om søknaden kjem i konflikt med retningslinene i forhold til at det ikkje bør ytast tilskot til verksemdar som mottar vesentlege offentlege overføringa/tilskot – noko Einakavane gjer både med omsyn til stat og kommune. Formannskapet har tidlegare signalisert at ein er positiv og tilrådd selskapet å søkje kraftfondet. Saka vert lagt fram utan tilråding frå rådmann ut i frå habilitetforhold og tilknytning til selskapet som styrerepresentant.

Fakta

Viser til søknad og sakstifang

Nokre sentrale forhold saksa frå vedtektene & retningslinene for kraftfondet:

Beløpsgrenser for støtte gjennom kraftfondet;

- Bedriftsutvikling kr. 40.000,-
- Investeringar kr. 200.000,-

I tråd med § 6c i vedtektene for kraftfondet vert søkjar invitert inn til kraftfondestyre for å orientere nærare om prosjektet/søknaden.

Det er sett av kr. 400.000 til næringsføremål i kraftfondsbudsjettet for 2015. Dette er hovudtildelinga, og 2. tildeling er med søknadsfrist 1.nov. og handsaming i des. 2015. Samla søknadsmasse i denne omgang utgjer 467.375

Konklusjon

Einekavane får tildelt tilskot med kr. x frå kraftfondet til utviding av vaskeri.

Kraftfondsstyret - 007/2015

KRFT - behandling:

Ordførar Karstein Totland orienterte om saka.

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak frå kraftfondsstyret:

Einekavane får tildelt tilskot med kr. 90.000,- frå kraftfondet til utviding av vaskeri.

Røysting:

Framlegg til vedtak frå kraftfondsstyret vart samrøystes vedteke.

KRFT - vedtak:

Einekavane får tildelt tilskot med kr. 90.000,- frå kraftfondet til utviding av vaskeri.